



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 38/2020

Møtedato: 24.11.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Søknad om tilskot, bokprosjekt «Eli og rosene»

Ole og Knut Aastad Bråten søker Vestre Slidre Fjellstyre om kr. 5000 til produksjon og ferdigstilling av ei bok om rosemålararen Eli Sælid frå Røn i Vestre Slidre. Til søknaden er det lagt ved budsjett, manus og prøvebilete.

Frå søknaden:

Bokprosjektet har namnet Eli og rosene og fortel historia om ein av dei fremste rosemålarane i Valdres i vår tid. Boka er meir og mindre ferdig og klar for design og ombrekking – og blir lansert i desember 2020. Manus (må ikkje distribuerast vidare) – og nokre foto ligg ved.

Det er brørne Ole og Knut Aastad Bråten som står for produksjon og utgjeving av boka, saman med Alice Gudheim og Anne-Marte Før. Saman utgjer dei kunstnarkollektivet Forlaget Refusert. Til no har forlaget gjeve ut ei bok, Huset. Prosjektet om Eli Sælid har eit totalbudsjett på kr. 50.000.

Budsjett 14. november 2020

Inntekter	
Støtte Vestre Slidre kommune	-5000
Støtte VNK (motteke)	-5000
Støtte Eckbos Legat	-10000
Støtte Vestre Slidre Fjellstyre	-5000
Andre næringsdrivande	-15000
Eigeninnsats foto og tekst	-10000
Totalt inntekter	-50000

Utgifter	
Trykking	15000
Design	15000
Marknadsføring	5000
Administrasjon	5000
Eigeninnsats foto og tekst	10000
Totalt utgifter	50000
Totalt	0

I budsjettet er det ikkje opplyst inntekter ved sal av boka. Vi veit ikkje pris på bok eller opplag. Det burde vore med for å gi eit totaloversikt på prosjektet.

Fjellstyret har brukt å gi tilskot til tiltak som er knytt til fjellet. Bokprosjekt som tidlegare har fått støtte er bøker om ysting i Valdres, stolar i Vestre Slidre og gamle fotografi frå Vestre Slidre.

Framlegg til vedtak:

Tema for bokprosjektet er utanom det som fjellstyret gir tilskot til og fjellstyret avslår søknad om tilskot.

Vedtak:

Tema for bokprosjektet er utanom det som fjellstyret gir tilskot til og fjellstyret avslår søknad om tilskot.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 26.11.20

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Søkjar